Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Modalen

Emne: Ymse åtåfför

Bygdelag: Eksingedalen

Oppskr. av: Joh. A. Lavik

Gard: Lavik

(adresse): Eksingedalen

G.nr. 90 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigi röynsla

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
ogso andre gamle, som alle er burtfarne no.

SVAR

Einaste slags röter her vart sanka, som eg veit um og hev höyrt um, er Traunskeröter. I ungdomen min, eg er född 1881 - sanka me Traunska um våren når me plögde. Då var her ikkje liten Kornavling, og same åkrane vart brukte år etter år til Korn. Når husbonden plögde, gjekk unggutane, gjentor, husmori og störste borni på fori, fåri, og slo atti: Åkren laut slåast godt upp, medi smuldrast vel, og kvar traunskerot sprettast upp. Oftast vart åkeren kvit av röter. Mindre born plukka traunska ihop, og lagde i dungar i åkerreina. Mot kvelden tok husbonden traunska, köyrde henne åt elvi; kasta traunska i elvi attmed land; med ei riva dukka han traunska nedi og raka henne ihop, til ho vart skola rein. So köyrde han traunska heim åt fjosen, og ho vart bori i båsane til kyrna med eingong. Traunska var halde for eitt godt fòr, "det er mjelkefor," sa dei gamle. "Berre me nå i Traunsko, so ha me framfödt," var eitt gamalt ord. Dei var beintfram rædde for Traunska, ho måtte nyttast vel.
Traneutter sisste åri av 1800 talet, og fyrste åri

2287

av 1900 talet minka korravlen meir og meir. Dei gamle åkrane vart attlagde, og so vart det slutt med å samla Traùnska.

Frå gamalt vart her ogso sanka Kammablom, sùm våren i forknipa. Kammablommen laut rivast med hand, og ein som breid godt kùnde riva i 3-4 kùnnebekkjer for dagen - stórt stappa. Kammen vaks i ùtmarki, helst i bùhagen, og stod grón ùm våren. Der som var god jord, der olderi vaks, var kammen noko stor, ùpp-til 10-12 tommar lang. Kammen var ikkje rett heilt for godt fór, vart helst rekna som naudhjelp. Kammen vart gjeven til kyrna i stamp, og skrådd med litt mjøl, elder blanda med poteter. Når dei skar salefrå, fekk kyrna "halane" ilag med Kammablom. Kam-mablom hev vorte sanka likatil åri ùnder siste krigen.

Hestemyk hev nok aldri vore brùkt til hjelpefór her. Alle gamle folk eg tala med kjende til, at det vart brùka sùme stader, der som ikkje var høve til å finna skav, beit og Kammablom.

Sùme vårar - når snøen vart liggjande på lidi - ùfosi - mark, kùnde det groraast so tidleg i tór og ùppùnder berg, der låna so tidlegt, der var tåe ùm der låg snó i dalbot-nen. Då skar og slo dei gror, stappa i sekkjer, og bar heim. Men det var ikkje gror å finna, ùm marki frauš ùm hausten fyr snøen kom. Raunebær vart teke ùm hausten og kokt ilag med Grisematen. Er slutt med

Agner - dùmma, dùmba - etter treskjingi vart og nytta til fór. Dei slo kokande vatn

2287

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

på dumma, for å drepa ugrasfrø, og for å få halmstubbar og agnorne meir mjuke, so åt beiste dei betre. Dumma vart blanda med lettakodn, mjøl, småpoteter, og vart helst brüka til hesten. Brukast endå

Endå eitt attåtfor lyst nemnast: Sprake eller Eine. Hogde Spraken um hausten eller fyre-vettren, og brüka ~~hd~~ til sauerne. Hengde Sprakane på grindane. Dei rekna noko på Spraken som fôr, men noko gav dei Sprake for det heldt sauerne friskare, det var "beintfram som medesin med Sprake åt sauen." Sprake åt sauen vert brüka endå.

—

Eg ser i ei av Spyrjelistorne, at ting som her vorte brüka skal ein taka med um ikkje det er spurt etter. Difor tok eg med det um Spraken, endå um eg gjorde rett eller gale.
Det andre som vert spurt etter um Attåtfor. Kan eg ikkje finna hører på bygdi her.

2287
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING